

VERDSARVRÅDET

FOR

VESTNORSK FJORDLANDSKAP

SAMARBEIDSORGAN FOR VERDSARVOMRÅDET VESTNORSK
FJORDLANDSKAP



RETNINGSLINER FOR ARBEIDET

(Samrøystes semje i Verdsarvrådet 27. mars 2014)

FORORD

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste den 14. juli 2005 og som eit ledd i den vidare oppfylginga av den tildelte statusen vart Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap oppretta den 31. januar 2006.

Verdsarvrådet har som si fremste oppgåve å medvirke til ei utvikling i områda som er i tråd med intensjonen for verdsarv. Rådet skal fremje og sikre samarbeid og samordning mellom dei regionale verdsarvstiftingane samt medverke til naudsynt informasjonsutveksling mellom lokale, regional og nasjonale aktørar i dei to delområda.

Rådet har som målsetjing å være ein viktig arena for diskusjon, rådgjeving og avklaring i saker som kan ha verknad for oppfylging av verdsarvstatusen tildelt Geirangerfjord- og Nærøyfjordområdet i fellesskap.

Desse retningslinene vart fyrste gong fastsett den 31. januar 2006; no sist revidert og fastsett av Verdsarvrådet den 27. mars 2014.

Stranda kommune

Norddal kommune

Aurland kommune

Lærdal kommune

Vik kommune

Voss kommune

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sogn og Fjordane
fylkeskommune

Hordaland
fylkeskommune

Fylkesmannen
i Møre og Romsdal

Fylkesmannen
i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen
i Hordaland

RETNINGSLINER - VERDSARVRÅDET FOR VESTNORSK FJORDLANDSKAP

Føremål:

- å syte for eit godt samarbeid om ei oppfylging av verdsarvstatusen som er i tråd med intensjonen med verdsarvkonvensjonen, retningslinene for verdsarvkonvensjonen og forvaltningsplanen for verdsarvområdet.

Samansetjing:

Medlemar:

- ordførar i Stranda kommune
- ordførar i Norddal kommune
- ordførar i Aurland kommune
- ordførar i Lærdal kommune
- ordførar i Vik kommune
- ordførar i Voss kommune
- fylkesordførar i Møre og Romsdal fylkeskommune
- fylkesordførar i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- fylkesordførar i Hordaland fylkeskommune
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Fylkesmannen i Hordaland

Observatørar

- ein repr. for SNO Geiranger
- ein repr. for SNO Aurland
- ein repr. frå Miljødirektoratet
- ein repr. frå Riksantikvaren (RA)
- Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden
- Verneområdeforvaltar Geirangerfjorden
- Styreleiar Geirangerfjorden Verdsarv
- Styreleiar Nærøyfjorden Verdsarvpark
- ein repr frå Miljøverndepartementet (deltek etter behov)

Sekretariat

Fast deloppgåve for Verdsarvområdekoordinator

Kvar medlem kan om ønskeleg/naudsynt ha med eigen bisitjar.

Observatørane har møte og talerett - men ikkje stemmerett.

Konstituering:

- Rådet konstituerer seg sjølv med leiar og nestleiar for ein periode på 2 (to) år.

- Leiinga av rådet veksler mellom nord - og sørrområdet. Leiar og nestleiar kan ikkje kome frå same delområde.
- Oppgåva som "Sekretariatsleiar for Verdsarvrådet" vert på same tid lagt til det delområde som har leiarvervet og forankra hjå den regionale stiftinga.

Møteverksemd:

- verdsarvrådet held møte etter behov, men minimum to faste møte pr år.

Økonomi:

- Årlege statlege løyvingar til drift av rådet vert tildelt etter søknad gjennom dei regionale stiftingane.
- Det vert ikkje ytt møtegodtgjering til representantane i rådet.

Faste oppgåver:

- Fremje og sikre samarbeid og samordning mellom dei regionale verdsarvstiftingane samt medverke til informasjonsutveksling mellom lokale, regional og nasjonale aktørar i dei to delområda.
- Samordning og harmonisering av initiativ, tiltak og planer som vedkjem "Vestnorsk fjordlandskap" som eit verdsarvområde.
- Vere pådrivar for tiltak som er i tråd med statusen som verdsarvområde .
- Drive bevisstgjering og formidling av dei kvalitetane som ligg til grunn for verdsarvstatusen.
- Vere kontaktpunkt for statlege styresmakter i spørsmål som omhandler heile verdsarvområdet (informasjon, rapportering, prioritering av ressursar med meir)
- Utarbeiding og godkjenning av arbeidsinstruks for rådssekretariatet
- Arbeid med mobilisering av ressursar til gjennomføring av tiltak som er i tråd med intensjonane for verdsarvarbeidet
- Kompetanseutvikling knytt til forvaltning av verdsarvområdet
- Høyringsorgan for saker som vedkjem verdsarvstatusen
- Bygge nettverk mot andre relevante verdsarvområde
- Utvikle og fastsetje/ rullere ein fleirårig handlingsplan/ strategi

Endringar

Revisjon og/ eller endringar i retningslinene kan gjerast av medlemane i rådet. Vedtak om endring må gjerast ved konsensus.

Iverksetjing

Desse retningslinene trer i kraft frå og med 27. mars 2014 og erstattar samstundes retningsliner dagsett 31. januar 2006.

RETNINGSLINER FOR VERDSARVSEKRETARIATET v / sekretariatsleiaren for verdsarvrådet

Stillingstittel:

- Sekretariatsleiari for verdsarvrådet.

Ansvar/oppgåver og mynde:

- sekretariatsleiaren skal ivareta rollen som kontaktpunkt (kontaktadresse) for verdsarvområdet, og syte for drift av kontaktnettverk for området
- sekretariatsleiaren skal setje i verk og fylgje opp vedtak i verdsarvrådet
- sekretariatsleiaren skal ha ansvar for saksframlegg, møteinkalling og referat for verdsarvrådet
- sekretariatsleiaren har eit særleg ansvar for å gjere verdsarvkvalitetane kjend (informasjon/formidling/syte for drift av felles nettstad)
- sekretariatsleiaren skal være kjend med retningslinene for oppfylging av verdsarvkonvensjonen og ha dette som styringsreiskap i arbeidet
- sekretariatsleiaren skal ha oversyn over utviklinga i området og syte for god informasjonsutveksling mellom aktørar og nivå
- sekretariatsleiaren deltek i nordisk nettverk for verdsarvforvaltarar